LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Siril Therese Sylta | 06.04.2016 |
| Vår: 15/4158 - 16/9390 | SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no | |

# Oversending av vedtak om dispensasjon til klagevurdering - gbnr 244/10 Eidsnes indre

Eigedom: gbnr 244/10
Adresse: Eidsnesvegen 145
Eigar/søkjar: Bjarte Grimstad

Saka gjeld søknad oppføring av en utebod på opptil 15 m2. Det er trong for dispensasjon frå arealføremålet LNFR og byggegrensa mot sjø, jf. pbl § 1-8.

Saka er sendt på høyring til Fylkesmannen i Hordaland. Det ligg føre uttale datert 04.02.2016:

**Politisk handsaming**
Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 16.03.2016, der følgjande vedtak vart fatta:

**Plan- og miljøutvalet gjev søkjar dispensasjon for oppføring av vedhus på inntil 15 m2 gbnr 244/10 Eidsnes Indre. Strandsonevernet vert ikkje sterkt råka av tiltaket og vil ikkje kunne påverke ålmenta sin ferdsle og friluftsinteresser noko meir enn eksisterande tiltak på eigedomen.**

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Benjamin Hicks på e-post benjamin.hicks@lindas.kommune.no.

Saksframlegg er vedlagt. Øvrige saksopplysningar er tilgjengeleg på Lindås kommune sitt innsy, her er lenke til saka:
http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2015004158&

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av vedhus - gbnr 244/10 Eidnes indre
Søknad om dispensasjon GBNR 244/10 Eidsnes indre
Nabovarsel/opplysningar gjeve i nabovarsel
Kart
Teikning
Uttale til dispensasjon - gbnr 244/10 Eidsnes indre
Uttale - Lindås - Gnr 244 Bnr 10 - Eidsnes indre - Oppføring av utebod - Dispensasjon
OVERSIKTSKART
Skråfoto

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bjarte Grimstad | Eidsnesvegen 145 | 5913 | EIKANGERVÅG |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fylkesmannen i Hordaland | Postboks 7310 | 5020 | Bergen |